# PROTOKOLL ÅRSMØTE I FORELDRERÅDET

***Tid:*** *05.11.25*
***Stad:*** *Amfiet på Solund skule*
***Møtte:*** *23 foreldre*

**Før årsmøtet:**
Møtet starta med at rektor Gunnlaug Røed informerte om skulestart. Sjå vedlagt presentasjon.

Ungdomskoordinator Monica Thune meldte avbud. FAU-leiar Mari Eide spør foreldrene på vegne av ho om opningstidene på ungdomsklubben er ok og om kva foreldra meinte om at barna kunne ta med seg mat/drikke/snop på klubben. Foreldra har ingen innvendingar mot opningstidene. Verkar så det fungerer. Fint at ein startar rett etter skuletid kl. 14.30. Foreldra meinte at det var positivt at ein fekk servert mat på ungdomsklubben. Foreldre ynskjer ikkje å innføre så strenge reglar på ungdomsklubben, men ynskjer at det ikkje skal vere lov med energidrikk der.

| Nr. | Sak | Kommentar |
|---|---|---|
| 1 | *Godkjenning av innkalling* | Godkjent |
| 2 | *Godkjenning av saksliste* | Godkjent |
| 3 | *Val av møteleiar* | Mari Eide |
| 4 | *Val av protokollførar* | Irene Sanden |
| 5 | *Godkjenning av rekneskapen til FAU for 2024/2025*<br><br>Gjennomgått og kontrollert av revisor Øyvind Losnegard | Godkjent.<br>(oversikt vedlagt protokoll)<br><br>Innspel på at loddsalet til 17. mai kanskje kunne gått til Vossaturen for å oppretthalde den. Evt. deler av inntektene på loddboka. |
| 6 | *Gjennomgang av årsmelding for 2024/2025*<br><br>Lest opp og vist på skjerm | Godkjent.<br>(Årsmelding vedlagt protokoll) |

| | | |
|---|---|---|
| 7 | *Presentasjon av styret*<br><br>1. klasse: Lise Villanger<br>2. klasse: Ingrid Lerivåg Myrstad<br>3. klasse: Beate Losnegard Fosse<br>4. klasse: Irene Sanden<br>5. klasse: Lise Villanger<br>6. klasse: Yasmin Kaml<br>7. klasse: Gro Helen Frøyen<br>8. klasse: Irene Sanden<br>9. klasse: Gunn Marit Fossedal<br>10. klasse: Mari Eide | Informasjon frå FAU |
| 8 | *Val av revisor:*<br><br>Styret sitt framlegg er Øyvind Losnegard som revisor for 2025/26. | Samrøystes vedteke at Øyvind Losnegard vert revisor for 2025/26 |
| 9 | *Forslag til endring av namn frå "FAU Solund barne- og ungdomsskule" til "FAU Solund skule"* | Samrøystes vedteke å endre namn til FAU Solund skule. |
| 10 | *Smarttelefonfri barndom*<br><br>Forslag til vedtak:<br>Solund skule skal jobbe mot at alle born i barneskulen får ein barndom utan smarttelefon innan 2030. | Samrøystes vedteke! |

| | | |
|---|---|---|
| 11 | *Innkomne saker*<br><br>Ingen innkomne saker, men kom nokre innspel i møtet:<br><br>Barnevakten nettvett foredrag.<br><br>Tips om nettsida/instagramkonto: www.smarttelefonfribarndom.no | |

Møte slutt kl 19:50

Signatur:

7/11-25
Irene Sande
______________________________
Dato, namn

7/11-25
Gunn Marit Fossedal
______________________________
Dato, namn

# 17.MAI KOMITEEN REKNESKAP - 2025

**Kontonr. 3705.34.05666**

| BILAGSNR | BILAGSDATO | TEKSTKODE | BESKRIVELSE | UT AV KONTO | INN PÅ KONTO | KOMMENTAR |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **1** | **18.10.2025** | **SALDO** | | | **10 000,00** | |
| 2 | 01.01.2025 | INNSKUDD | Kreditrenter | | 31,00 | |
| 3 | 06.05.2025 | UTTAK | Markmaster | 548,27 | | Klistremerker |
| 4 | 09.05.2025 | UTTAK | Solund Center | 422,80 | | Basarbøker + gaveband og poser |
| 5 | 12.05.2025 | UTTAK | Utlegg Gro H. Frøyen | 2 338,00 | | Trehjulsykler |
| 6 | 21.05.2025 | UTTAK | Solund Skulemusikk | 5 000,00 | | Korpsspeling |
| 7 | 21.05.2025 | INNSKUDD | KONTANTER | | 10 140,00 | Salg |
| 8 | 22.05.2025 | UTTAK | Walley/Superkul.no | 3 106,00 | | Snop - fiskedam |
| 9 | 30.05.2025 | UTTAK | Øybygg | 128,00 | | Glass-gevinst |
| 10 | 06.06.2025 | UTTAK | Solund Eiendom | 560,00 | | Pizza - møte oppsummering komiteen |
| 11 | 10.06.2025 | UTTAK | Solund Center | 13 824,24 | | Is, brus, mat mm |
| 12 | 10.06.2025 | UTTAK | Solund Center | 457,30 | | Snop - gevinst |
| 13 | 11.06.2025 | UTTAK | Eidsbotn Handel | 7 525,00 | | Kransar og bukett |
| 14 | 13.06.2025 | UTTAK | Solund Ungdomsslag | 5 000,00 | | Leige lokale |
| 15 | 22.04.2025 | INNSKUDD | Tilskudd frå Solund kommune | | 15 000,00 | |
| 16 | mai - oktober | INNSKUDD | VIPPSRAPPORT | | 47 267,70 | Loddbok, kiosk, inngang |
| 17 | mai - oktober | INNSKUDD | iZettle / paypal rapport | | 11 180,82 | Kortterminal 17.mai |
| | | | | 38 909,61 | 93 619,52 | |
| | | | **SALDO før overføring av overskudd** | | **54 709,91** | |
| | | | | | **54 709,91** | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | saldo | 54 709,91 | |
| Info: | Det skal stå att kr 10.000,- på 17.mai konto | skal stå att | (10 000,00) | |
| | Overskot skal overførast til FAU konto | | 44 709,91 | overført 17/09/25 |

24/10-25 Gunn Marit Fossedal

Dato: Gunn Marit Fossedal
Kasserar

01/11-25

Dato: Øyvind Losnegard
Revisor

# FAU REKNESKAP 19.10.2024 - 17.10.2025

## Kontonr. 3847.07.05652 (lagskonto)

| BILAGSNR | BILAGSDATO | TEKSTKODE | BESKRIVELSE | UT AV KONTO | INN PÅ KONTO | KOMMENTAR |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **1** | **19.10.2024** | **SALDO** | **Godkjent rekneskap 2023** | | **131 839,89** | |
| 2 | 11.11.2024 | UTTAK | Solund Center | 291,18 | | Møtemat årsmøte |
| 3 | 31.12.2024 | INNSKUDD | Kreditrenter | | 102,00 | |
| 4 | 06.01.2025 | UTTAK | Utlegg til Gunn Marit? - Juletrefest - snop | 1 036,40 | | Juletrefest |
| 5 | 06.10.2025 | UTTAK | Godgjersle 9.klasse | 3 000,00 | | Juletrefest |
| 6 | 10.01.2025 | UTTAK | Solund Center - mat og gevinstar | 3 559,73 | | Juletrefest |
| 7 | 14.01.2025 | UTTAK | Solund Ungdomslag - leige lokal | 2 800,00 | | Juletrefest |
| 8 | 11.02.2025 | UTTAK | Gebyr nettbank | 1,50 | | |
| 8 | 17.02.2025 | UTTAK | Gebyr nettbank | 15,00 | | |
| 8 | 14.03.2025 | UTTAK | Gebyr nettbank | 4,50 | | |
| 8 | 24.03.2025 | INNSKUDD | Frå Solund kommune - støtte 17.mai | | 15 000,00 | |
| 9 | 21.02.2025 | UTTAK | Vossahelg - støtte pr deltkar | 9 500,00 | | |
| 10 | 25.03.2025 | UTTAK | 10. klasse - støtte til klassetur | 2 500,00 | | |
| 11 | 24.04.2025 | UTTAK | Overført 17.mai konto | 15 000,00 | | |
| 11 | 22.04.2025 | UTTAK | Gebyr nettbank | 4,50 | | |
| 11 | 20.06.2025 | UTTAK | Gebyr nettbank | 15,00 | | |
| 12 | 18.07.2025 | UTTAK | Gebyr nettbank | 13,50 | | |
| 12 | 17.09.2025 | INNSKUDD | Overskudd frå 17.mai | | 44 709,91 | |
| | | | TOTALT | 37 741,31 | 191 651,80 | |
| | **17.10.2025** | | **SALDO PR 17.10.2025** | | **153 910,49** | ok mot transaksjonsoversikt pr.17.10.2025 |

| **JULETREFEST** | |
|---|---|
| UTGIFTER: | |
| Solund center | 3 559,73 |
| Rusta (snop) | 1 036,40 |
| 9.klasse | 3 000,00 |
| S.ungdomslag | 2 800,00 |
| **SUM** | **10 396,13** |

29/10-25 Gunn Marit Fossedal

Dato: Gunn Marit Fossedal
Kasserar

07/11-25 Ø. Losnegard

Dato: Øyvind Losnegard
Revisor

# Årsmelding 2024-2025

# FAU Solund barne- og ungdomsskule

**FAU representantar 2024-2025**

| Namn | Rolle | Status ved val 2025 |
|---|---|---|
| Ingrid Leirvåg Myrstad | Representant for 1. klasse | Ikkje på val |
| Irene Sanden | Representant for 3. klasse | Ikkje på val |
| Marlén Trovåg | Representant for 4. klasse | På val. Stiller ikkje til attval. |
| Gro Helen Frøyen | Representant for 6. klasse | På val. Stiller til attval. |
| Irene Sanden | Representant for 7. klasse og sekretær | Ikkje på val |
| Gunn Marit Fossedal | Representant for 8. klasse og nestleiar | På val. Stille til attval. |
| Mari Eide | Representant for 9. klasse og FAU leiar | Ikkje på val |
| Silje Alvheim Hop | Representant for 10. klasse | |

Det har ikkje vore FAU representant for 5. klasse 2024-2025

**Kommunikasjon**
Informasjon og saker er delt på FAU si messenger gruppe.

**Møter**
Det har vore haldt 4 stk FAU møter følgande datoar: 30.10.24, 09.12.24, 24.02.25, 10.06.25
Leiar og nestleiar har vore i 2 stk møter med rektor Gunnlaug Røed følgande datoar: 06.11.24 og 17.12.24.
Årsmøte i foreldrerådet var haldt 30.10.24

Referat frå møta er lagt ut på Solund kommune si heimeside. Link: FAU - Solund kommune

**Arrangement**
Den 28.12.24 arrangerte FAU juletrefest i Grendahuset. Det var ei tradisjonell samling med juletre, juletregang med julesongar, kakao, kaker og besøk av julenissen. Arrangementet var gratis og open for alle i bygda til å delta på. Rundt 140 born og vaksne møtte festkledde. Elevar i 9. klasse var med å hjalp til med rydding og vask under arrangementet.

**Økonomi**

- 17. mai feiringa er FAU si viktigaste inntektskjelde. Årets feiring gav eit overskot på kr 44.709,-. Overskotet er overført til FAU sin bankkonto.
- Det er gitt økonomisk støtte til 10. klasse med kr 500,- per elev. Totalt kr 2500,-.
- Det er gitt støtte til ungdomsskulen sin Vossa-tur med kr 500,- per elev. 19 elevar deltok på turen. Det utbetalt totalt kr 9500,-.
- Utgifter til juletrefesten var kr 10.396,-

# VEDTEKTER FOR FAU SOLUND SKULE

## § 1 NAMN OG SETE

Foreininga sitt namn er FAU Solund skule (Foreldrerådets arbeidsutval). FAU Solund skule held til og har si verksemd i Solund kommune.

## § 2 FØREMÅL

Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) er et arbeidsutval valt av foreldrerådet, og er det utøvande organ for foreldrerådet. FAU er bindeleddet mellom forelderen og skulen. FAU sitt føremål er å fremje fellesinteressene til foreldrerådet og medverke til at elevar og foreldre tar aktivt delt i og har reel medverknad i arbeidet med å skape eit trygt, godt og inkluderande skule- og læringsmiljø. FAU skal arbeide for å skape godt samhald mellom heim og skule, legge til rette for trivsel og positiv utvikling hos elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

## § 3 JURIDISK PERSON

Foreininga er sjølveigande og ein frittståande juridisk person med upersonleg og begrensa ansvar for gjeld.

## § 4 MEDLEMMAR

Alle foreldre ved Solund skule er medlemmar i foreldrerådet. FAU Solund skule er det utøvande organ for foreldrerådet.

## § 5 ÅRSMØTE

Årsmøtet, som haldast kvart år innan oktober månad, er foreingas høgste myndigheit. Årsmøtet innkallast av styret med minst 2 vekers varsel, direkte til medlemmane og/eller ved kunngjering i pressen. Forslag som skal behandlast på årsmøtet skal være sendt til styret seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig saksliste må være tilgjengeleg for medlemmane seinast ei veke før årsmøtet.

Alle medlemmer har adgang til årsmøtet. Årsmøtet kan invitere andre personar og/eller media til å vere til stades.

Årsmøtet er vedtaksført med det antal stemmeberettiga medlemmar som møter. Ingen har meir enn ei stemme.

Møteleiar veljast av årsmøtet.

Årsmøtet kan berre behandle forslag om vedtektsendring som er oppført på sakslista seinast 1 veke før årsmøtet.

Årsmøtet kan ikkje behandle forslag som ikkje er oppført på sakslista.

## § 6 VAL OG KONSTITUERING

- FAU-leiar veljast av foreldrerådet på årsmøtet om hausten. FAU er valkomité før valet, og innstiller kandidat til leiarvervet i god tid før valet. Leiaren blir valt for 2 år.
- Øvrige medlemmar til styret/FAU veljast av foreldre på kvart klassetrinn ved skuleårets slutt, bortsett frå i 1. klasse der det veljast ved skuleårets start. FAU representantane veljast for 2 år.

Det er mellom ni og ti medlemmar i styret/FAU ved Solund skule, avhengig av om leiaren har verv som klassekontakt, eller er valt frå den øvrige foreldregruppa.

**Val år 1:**

- Leiar (kan vere ein av dei under)
- Representant frå
  - 1. klasse
  - 3. klasse
  - 5. klasse
  - 7. klasse
  - 9. klasse

**Val år 2:**

- Representant frå
  - 1. klasse
  - 3. klasse
  - 5. klasse
  - 7. klasse
  - 9. klasse

Klassekontakt kan vere vara.

- Styret/FAU konstituerer seg sjølv med nestleiar, kasserer og evt. sekretær på det første FAU-møte som vert heldt om hausten, og dei sit i valte verv for 1 år.
- FAU skal også velgje 2 representantar og 1 vara til å representere FAU på møter i skulens samarbeidsutval, og 3 representantar og vara til møter i skulemiljøutvalet. FAU-leiaren skal være ein av representantane i begge utvala.

Før årsmøte skal FAU innstille revisor til å revidere FAU sitt rekneskap for påfølgande år. Revisor skal godkjennast av foreldrerådets årsmøte.

## § 7 TILLITSVALDE SITT GODTGJERSLE

Tillitsvalte skal ikkje motta honorar for sine verv.

## § 8 MØTER

- FAU skal avhalde møte minst 2.kvar månad, minst 4 gonger i året. Utover dette når minst tre medlemmar krevjer eit møte.
- Møteinnkalling med agenda skjer med minst 1 vekes varsel.
- Referat skal førast for alle møter og sendast til alle FAU representantar og vararepresentantar, samt leggast ut på kommunen si heimeside.
- Styret/FAU er vedtaksdyktig når minst 2/3 deler av medlemmene er til stede.

## § 8 OPPGÅVER

- Informere og gi opplæring til FAU-representantane om deira mandat knytt til FAU.
- Arbeide for eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø. Trivsel er viktig for bornas læring.
- Jobbe for et mobbefritt skulemiljø.
- Jobbe for et godt samarbeid mellom FAU og skule/SFO.
- Drøfte formen på tilbakemeldingar elev og foreldre får på elevens faglege og sosiale kompetanse.
- Arrangere tilstellingar og samlingar for foreldre, elever og lærere.
- Være en informasjonskanal ut til alle foreldre ved skulen.
- Samarbeide med elevråd, skuleledelse og ansatte.
- Ivareta og forvalte de økonomiske midlene til FAU.
- Holde kontakt med og involvere lag, organisasjonar og næringsliv i lokalmiljøet.
- Lage en komplett kontaktliste over FAU-representantane (med namn, trinn, funksjon i FAU og e-post) og holde denne oppdatert. Sende nye opplysningar til Brønnøysundregisteret etter konstituering kvart år.

## § 10 ØKONOMI

FAU disponerer midlar som kommer inn frå arrangement og aktivitetar i regi av Foreldrerådet/FAU. FAU har myndigheit til å bruke FAU sine midlar til beste for skule og elever. Støtte utbetalast kun til formål som kommer elevane direkte til gode.

Rekneskapet skal reviderast av revisor valt av foreldrerådet på årsmøtet. Rekneskapet leggast frem og godkjennast på årsmøtet.

## § 11 TEIEPLIKT

FAU representantar har teieplikt i henhold til forvaltningslova 13-13e. Teieplikten i forvaltningslova gjelder både for tilsette i skulen og foreldre som sitter i råd og utval, samt foreldrekontakter og personar som er frivillige hjelparar på leirskule, skuleturar og skulefester.

## § 12 VEDTEKTSENDRINGER

FAU sine vedtekter skal reviderast ein gong i året. FAU kan foreslå endringar i vedtektene for årsmøtet. Endringar skal vedtakast på foreldrerådet sitt årsmøte med 2/3 delars fleirtal.

## § 13 SMARTTELEFONFRI BARNDOM

Solund skule skal jobbe mot at alle born i barneskulen får ein barndom utan smarttelefon innan 2030.

*Vedtektene er revidert og vedtatt: Foreldrerådet Solund skule 05.11.25.*